

Saksfremlegg

Sak 3 – Regjeringa si fiskeripolitikk

I samband med kvotemeldinga arbeidde Pelagisk Forening mot forslaget om ein statleg kvotebank, og for at strukturkvotane skal falla tilbake til gruppene der dei kjem frå. Det er vedtatt at strukturkvotane skal tilbake til gruppene, men det hastar med å få avklart reglane for korleis tilbakefallet skal skje i praksis, tilhøvet til kvotetak m.m.

CO₂-avgifta blei auka i 2025. Det er òg innført avgift for fiske i «fjerne farvatn»/ utanfor 250-mila. Den er 25 % av avgift innanfor 250-mila. Alt tyder på at avgiftene vil bli auka i åra som kjem. Det er auka løyving til refusjonar, men det er neppe tilstrekkeleg til å kompensera for avgiftsaukingane. Pelagisk Forening jobbar mot innføring av nye avgifter, og aukiing av eksisterande avgifter for fiskeflåten. Så lenge det ikkje er alternative energibærarar er det ikkje mogeleg å driva fiskeri utan bruk av diesel. Klimaavgifter kan òg føra til at marginale fiskeri blir avvikla.

Pelagisk Forening har deltatt i fiskeriforhandlingar i fleire år, og gode fiskeriavtalar med våre nabo-land gir effektivt fiskeri med få driftsdøgn, og er ein enkel måte å få ned klimautslepp frå flåten.

I fleire år har Pelagisk Forening vore uroa over for lite forskning på viktige fiskeslag. Havforskningsinstituttet har fått reduserte løyvingar, og har måtte selja forskingsskip og måtte nedbemanna. Budsjettkutt fører til tap av kompetanse, færre toktdøgn, større uvisse og dårlegare forskning på viktige kommersielle bestandar. Budsjettkutta fører òg til mindre forskning på økologiske konsekvensar av sterkt aukande bestandar av sjøpattedyr. Det er òg låge kvoteråd på fleire artar, sjølv om det ikkje er gjort eit einaste toktdøgn på desse artane på mange år. Dette gjeld m.a. hestmakrell og vassild.

Havforskinga har òg uttrykt uvisse til konsekvensane av gruvedrift på havbotnen, og til konsekvensane av vindturbinar til havs.

Det blei heller ikkje gytetokt på loddetokt i år. Auka løyvingar vil redusera uvissa ved kvoteråd, og redusera sannsynlegheita for overfiske.

Dei siste åra har fleire snøkrabbereiarlag meldt seg inn i Pelagisk Forening. Snøkrabbefiskeriet er blitt lukka, men fleire reiarlag hadde ikkje fått svar på klagesakene sine før langt etter sesongstart. Det er svært alvorleg. Lukkinga burde skjedd tidlegare, og på ein betre måte.

Det er framleis vesentlege arealkonfliktar på havet. Dette i høve til vindturbinar, seismikkskyting og dumping av forureina gruveslam. Det er heller ikkje konkrete arealplanar for norske havområde, slik som for areal på land.